

Fra: Endre Gjil [Endre.Gjil@suldal.kommune.no]
Sendt: 5. desember 2014 13:04
Til: Postmottak LMD
Kopi: Postmottak
Emne: SULDAL KOMMUNE I ROGALAND - HØYRING - FORSLAG OM Å OPPHEVE
KONSESJONSLOVA
Vedlegg: HØYRING - FORSLAG OM Å OPPHEVE KONSESJONSLOVA.docx

Oppfølgingsflagg: Følg opp
Status for flagg: Fullført

Landbruksdepartementet sitt høringsforslag om å oppheve konsesjonslova og bupliktbestemmelsane i odelslova var til politisk handsaming i utval for landbruk- miljø- og teknikk 4.12.2014. Suldal kommune har gjort følgjande vedtak:

Suldal kommune vil på det sterkaste gå mot at konsesjonslova og bupliktbestemmelsane i odelslova vert oppheva. Etter kommunen si vurdering er konsesjonslova eit viktig verkemiddel for å sikra eit samfunnsmessig godt eigarskap til fast eigedom. Vidare meiner ein oppheving av konsesjonslova kan føra til uboteleg skade for landbruket og busetnaden i kommunen.

Utskrift av saka med saksutgreiing ligg ved.

Helsing
Endre Gjil
bygdeutviklingssjef

Sakspapir

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Endre Gjil	K2 - V63	08/383

Saksnr	Utval	Type	Dato
155/14	Utval for landbruk, miljø og teknikk (LMT-utvalet)	PS	04.12.2014

HØYRING - FORSLAG OM Å OPPHEVE KONSESJONSLOVA

Saksopplysningar:

Samandrag

Kommunen har fått til høyring forslag om å oppheva konsesjonslova for omsetting av fast eigedom. Også bestemmelsane om buplikt i odelslova vert føreslått oppheva. Rådmannen meiner konsesjonslova er viktig både for å sikra samfunnsmessige og landbruksmessige interesser knytt til fast eigedom. Ein rår til å gå mot at konsesjonslova og bupliktbestemmelsane i odelslova vert oppheva.

Vurdering og konklusjon

Føremålet med lova slik ho er i dag er å kontrollere og regulere omsetting av fast eigedom for å oppnå eit effektivt vern av landbruket sine produksjonsareal og å sikra slike eigar- og brukartilhøve som er mest gagnelege for samfunnet, jf. §1 i konsesjonslova. Lova er ein reiskap for å byggja opp om samfunnspolitiske mål. Mål som er nemnde er omsynet til framtidige generasjonar, landbruksnæringa, trongen for utbyggingsgrunn, omsyn til miljøet, allmenne naturverninteresser og friluftinteresser og omsynet til busetnaden.

Etter rådmannen si meining er konsesjonslova eit viktig verkemiddel for å sikra hovudregelen som seier at same person bør eige og drive jorda. Landbruk er ei av dei viktigaste næringane i kommunen. Landbruk er og fundamentet for mykje av busetnaden. Samfunnsmessig er det difor viktig at ein har juridiske verkemiddel som sikrar at det i hovudsak er næringsutøvarane i landbruket som eig areala. Lovverket bør ha ei klår prioritering av landbruk og busetnad.

Det følgjer mange retta til det å eiga ein landbrukseigedom, men med rettane følgjer det i dag også nokre vesentlege plikter. Viktigaste pliktene er buplikta og driveplikta. Rådmannen ser at oppheving av desse to pliktene kan gi grunneigaren større fridom. Han vil vera fri til å bu ein annan stad, han kan ha fleire eigedomar og marknadsverdien på areala kan bli høgare. Det vil og bli lettare å skaffa seg eigedom dersom føremålet er jakt, friluftsliv og liknande, ikkje berre for å vera bonde. Oppheving av konsesjonslova kan og gi store eigedomar som vert ått av alt frå einskildpersonar til aksjeselskap eller ulike former for eigedomsfond.

Prisbestemmelsane i konsesjonslova er og med på å setje prisnivået ved omsetnad både av konsesjonspliktige og konsesjonsfrie eigedommar. Avvikling av regelverket som gjeld priskontroll vil truleg vera til fordel for dei som skal selja, medan ein auke i kjøpesummen vil gjera det tilsvarande tyngre for dei som vil kjøpa gard. Nå er det stort sett landbruksinteressene som er motivasjonen for

å kjøpa ein gard. Oppheving av konsesjonslova vil opna for at interesser knytt til fritid får større vekt. I delar av landet er det peika på at konsesjonslova hindrar oppretting av store samanhengande skog- og utmarkseigedomar. Slike store eigedomar vert det sagt kan drivast samfunnsmessig betre som eigne «bruk» enn slik det er i dag som knytt til gardsbruka. Dette er ei problemstilling rådmannen i liten grad ser kan gjera seg gjeldande her.

Etter ei samla vurdering kjem rådmannen til at dei samfunnsmessige fordelane med konsesjonslova langt overstig ulempene. Ein vil på det sterkaste rå til at kommunen går mot forslaget om å oppheve konsesjonslova.

Rådmannen si innstilling

Suldal kommune vil på det sterkaste gå mot at konsesjonslova og bupliktbestemmelsane i odelslova vert oppheva. Etter kommunen si vurdering er konsesjonslova eit viktig verkemiddel for å sikra eit samfunnsmessig godt eigarskap til fast eigedom. Vidare meiner ein oppheving av konsesjonslova kan føra til uboteleg skade for landbruket og busetnaden i kommunen.

Utval for landbruk, miljø og teknikk (LMT-utvalet) - 155/14

LMT - handsaming:

Brev frå Suldal Bondelag vart delt ut i møtet.

Forslag frå Hans Erik Svennes, Frp

Suldal kommune meiner at konsesjonslova hindrar omsetjing av landbrukseigedomar og at lova fører til unødig byråkrati og sakshandsaming i kommunen. I tillegg er unntaka frå lova blitt så mange at det i seg sjølv er argument for oppheving. For Suldal kommune vil ei oppheving av konsesjonslova bety forenkling av forvaltninga, og me støttar derfor forslaget.

Røysting: 1/4

Røysting for innstillinga: 4/1

LMT: vedtak

Suldal kommune vil på det sterkaste gå mot at konsesjonslova og bupliktbestemmelsane i odelslova vert oppheva. Etter kommunen si vurdering er konsesjonslova eit viktig verkemiddel for å sikra eit samfunnsmessig godt eigarskap til fast eigedom. Vidare meiner ein oppheving av konsesjonslova kan føra til uboteleg skade for landbruket og busetnaden i kommunen.

Øyvind Valen
Rådmann

Oppfølging: Endre Gjil